

Då tyskarane brende løa på Svela

av
Solveig Svela

Her skriv Solveig Svela om korleis ho opplevde løebrannen på Svela då tyskarane skaut løa i brann og røykte ut tri flyktningar som opphelt seg i høystakken.

Me som opplevde brannen på Svela kjem aldri til å gløyma den dagen. Det var 23. oktober 1944. Det var tri flyktningar i løa vår og dei hadde funne seg ein god gøyme plass i høystakken. Nede i enden på løa var det ein skut og inn ifrå den tok dei berre laust nokre fjøler til læromet, skar så ut eit passe stykke med høy og fekk dermed ei god hule å krypa inn i. Der sov dei og levde ei heil tid. Der var ikkje nokon som visste om dei, og ingen kom på å leita etter dei der. Hadde ikkje tyskarane fått greie på kor dei var, så hadde dei aldri funne dei.

Meininga var altså at dei skulle få reisa til England, og låg og venta kvar dag på å få ta ut. Dei hadde forbindelse som lova dei fleire gonger, men så kom det noko i vegen som stoppa reisa. Dette låg dei å venta på i fleire veker. Men så kom det ein ny sjanse, og då var det heilt visst at dei skulle få reisa. Me hadde lampe-feber alle i hop.



Elling Svela framfor garden sin saman med ein slåttekar. Til høgre ser me garden til dei tri syskena; Otto, Astrid og Margit Hegelstad. Me ser skuten i enden av løa til Elling kor gøymeplassen var innanfor.

LØA BLIR NEDBRENDT



F.v. Olga Sund fra Stavanger, Signe Nedrebø (f. Svela), Christian Svela og Solfrid Svela utanfor løa til Elling Svela kring 1933. Tyskarane brende ned denne løa i 1944.

Så kom 23. oktober med grått overskya opphaldsvær. Eg var ny på garden og hadde berre vore i huset 10 dager. Klokka 7 om morgonen sat me med bordet og åt morgonsmaten, då hørde me ei voldsom dundring av bilar som kom opp bakkane. Me skjønna med ei gong kven det var som kom. På ei lita stund krydde det av tyskarar som ringa inne huset og løa. Dei var 70 - 80 stk.

Det var ikkje lenge før eit par offiserar kom inn og den eine slengde ei torvtaske og ei kofte på kjøkkengolvvet. Eg gløyme aldri den stygge hånfliren han hadde i fjeset og kor rasande sint han var. Han berre freste og spurte om me hadde flyktingar. Eivind blånekta, men kom ikkje nokon veg med det. Han vart førd ovanpå og fekk pryl. Det nytta ikkje å lura tyskarane den gongen. Han ropa meg opp og sa at eg måtte finna klær til ham, og tyskarane stod vakt mens han kledde seg, og så bar det ut. Broren, Sverre, vart og teken og arrestert og så stod dei attmed husveggen som andre stakkarar.

Imens hadde tyskarane leita etter flykningane, og når dei ikkje fann nokon, så visste dei råd. Alle børsepipene vart retta mot løa, og så braka det laus, på lite grann stod ho i flammar. Det kneistra, braka og brann noko reint forferdelig i det tørre høyet, det var bare så det dona.

Eg tenkte på all den gode kveiten som brann opp og ønskte det skulle kome høljerregn som kunne slokt heile brannen, det hadde vore så passelig «felt» for tyskarane. Flyktingane kom ut or løa med hendene i været, sotete og svarte. Tyskarane tok dei med bortpå vollen og heldt forhøyr på dei.

UT MED KREATUREN

Svigerforeldrene mine, Elling og Mally, var ute i fjøset og fekk ut kreaturen. Dei fekk ut alle dyra så nær som to kalvar og fire verar som brann inne. Dei kunne ikkje koma til der og få dei ut for brannen. Det var ein gris i fjøset og han ville ikkje ut. Til slutt kom han ut sjølv gryntande, men då lo tyskarane – dei syntes det var løye.

Elden tok fatt i våningshuset fleire gonger, det stod så nær fjøset at me kunne hoppa eit par lange steg ifrå bislagstrappa bort til fjøsdøra. Me venta ikkje anna enn at huset og skulle stryka med. Eg tok til å bæra ut på klær og sengeklær og fekk dei tyske soldatane med på dette. Dei var villige og hjelpsame både til å slökkja elden på huset og var med og bar ut på alle ting. Inngangsdøra kunne me ikkje gå ut gjennom, for det som vende mot fjøset sprang sundt av varmen. Tyskarane visste råd. Dei sette børsekolbane på vindssprøysane i dagligstova og mellomstova og ut gjekk heile greia. Så det vart råd å kom både ut og inn. Det var mykje som skulle ut, alt var for godt å brennas.

SOLDATENE FORSVANT

Dei tyske soldatane forsvant den eine etter den andre. Til slutt vart det berre att to-tre stykk, men dei var gode til å hjelpa til, og me fekk ut or huset det meste som var laust så nær som sengene. Det heile gjekk i ein rykande fart, så det tok ikkje lang tid heller.

Alle bøkene og papirer til trygdekassen var heime, det var eit heilt vinn å få ut det. Brev og papirer fauk i vinden. Eg samla opp det eg fekk fatt i og la det under ripsbærtrea, men det kom saktens vekk en del papirar. Fangane fekk stå og sjå på brannen, men dei fekk ikkje lov å væra med å berga noko.

Ludvig Vaule tok dei inn i hønsehuset og prylt og slo på han ei stund, og så slepte dei han ut att. Knut Vassbø og Karsten Vaule gjekk frie å få pryl, som me såg. I ti-tida syntes nok tyskarane det var på tid å koma seg av garde. Dei hadde fått fatt i to fanger til. Alfred Birkeland og sonen Olaf hadde og husa flyktningar, så nå hadde dei sju fanger i alt. Dei syntes nok dei hadde gjort ein god fangst.

Så gjekk dei av stad, fangane i ein flokk framføre og tyskarane etter og kommanderte. Det siste me såg av fangane, var at dei gjekk med hendene låste oppå hovudet. Me tenkte: - Skal tru om me får sjå dei att meir?

Att krigen tok ende så fredeleg og at alle fra Bjerkreim kom heim att med livet, det var berre eit Guds under. Det må me aldri gløyma. Ca. 100 fanger var på flukt i Bjerkreim.



Slik såg det ut etter den nedbrente løa.

Denne artikkelen stod i Dalane Tidende
i 1979. Bilder er lånt av Egil Svela.

Aaland Gård, januar 2014
Paul Tengesdal